

Oversyn over deltakande elevbedrifter og deira forretningsidear til entreprenørskapsmessa i Luster 26.april 2022

Høyanger skule

1. **Friske turstiar:** Vi skal merke og rydde turstiar. Ta ned skilt og pusse dei opp. Rydde vekk kvister og ting som ligg i veggen. Planla også å lage til sitteplassar.
2. **Grønne fingre EB:** Vi er 4 jenter som vil hjelpe dei som ikkje har moglegheit/tilgang/tid til å ta vare på gravplassar. Vi kan fjerne overgrodd ugras, mose, generelt vaske, pynte til høgtidar med blomar og lys, og vi kan ordne generelt arbeid.
3. **YAKT:** Ideen er at vi skal redde biene ved å lage biehotell. Vi har høyrte at biene er utryddingstrua og vi vil ta ein innsats og gjere ein forskjell.
4. **Lys & Varme:** Vi har ein ide om å lage miljøvenlege stearinlys av lysstumpar. Vi tar imot restar av stearin, smeltar det om til nye lys for da og selje dei.
5. **Bli kjent med Høyanger EB:** Ideen vår var å lage eit spel kor du reiser rundt i Høyanger kommune for å bli betre kjent med kommunen.

Farnes skule

6. **Gutta i hagen EB:** Rydde hagen til folk.
7. **Grønne korgar EB:** Laga tøykorgar av gjenbruksmaterial med matsvinn frå skulefrukt.
8. **Kringla EB:** Sal av småkaker og julesnop.
9. **Årdalskort EB:** Spelekort med motiv frå Årdal.

Tangen skule

10. **EB Tangen Gathering:** Arrangere datasamling (Gathering) for 5 klasse til vidaregåande. I desse koronatidene er det viktig å samlast, positivt for psykisk helse.
11. **EB DIGGIS:** Kantinedrift til lærarar og andre tilsette, samt smoothie til elevar av overskot frå skulefrukta og nærbutikkar. Fokus på matsvinn, bærekraft og sunnhet.

Hafslo barne- og ungdomsskule

12. **Hafslo redesign:** Vi tar imot møbler folk ikkje vil ha lenger og gir dei eit nytt liv slik at andre folk kan få dei. Vi tar og imot møbler folk vil vi skal pusse opp for dei.
13. **Hafslobakarn:** Forretningsideen våras er at me ønska og glede folk på Hafslo med billig nybakt mat.
14. **Pearls and gems:** Me lagar øyredobbar, ringar, smykker og armband.

Luster ungdomsskule

15. **Handverk EB:** Elevbedrifta syr handlenett av skulen sitt utømmelege lager av synfiber. Handlenett er meint å erstatte bruk av plastposar når du handlar. Handlenetta kan og få personlege trykk på seg etter avtale med ei anna elevbedrift: Spinkl & HABS.
16. **ROOM of portrait:** Moderne digital kunst som vert trykka på spesialpapir og montert på sjølv laga trerammer. Fast grunndesign som tek opp aktuelle sider ved samfunnet.
17. **Gaupene LUS:** Me lagar eigne duftlys av stearinrestar og fruktessens laga av avfallsfrukt som me får frå Spar Gaupne. Lysa vert støypt i eigenproduserte keramikklysholdarar. Me lagar og smørknivar av trevirke frå avfallsdeponiet til SIMAS.
18. **Spinkl & HABS:** Elevbedrifta lagar vinyltrykk etter eige ynskje og design som me presser på eit klesplagg som du eigentleg hadde tenkt til å kvitte deg med, slik at plagget får ein ny og kul start att.

Leikanger ungdomsskule

19. **Leikanger slowfood:** Folk bestiller lunsj og me leverer det på jobben deira. Bedrifter kan levere handleliste, so kan me handla for folk. I tillegg kan dei bestille heimebakte brød og rundstykker på bestilling.
20. **Skytemoro:** Poenget med elevbedrifta vår var at me ville at fleire skulle få prøve å skyte. Me ville og at folk skulle få prøve ut ein annan idrett enn ballidrett. Me håpte på at deltakarane skulle ha det gøy med å skyte og det sosiale rundt det.

Kaupanger skule

21. **Grøn Toast EB:** Lagar toast av brød som elles ville blitt kasta. Får gratis brød frå butikken. Grøn for bærekraft og grøn pesto. Sel toast til rimeleg pris til lærarar og ungdomsskuleelevar.

22. **EB Mini-Knaken:** Bakar diverse bollar/sveler/kaker, sel disse 2 gonger i månaden, på Knaken Cafe.

Lærdalsøyri skule

23. **Lærdal motorshow EB:** Arrangere veteranbil/ bilmesse på Løytnantsbrygga i Lærdal

24. **MML EB:** Arrangere Mesterens mester a la NRK for mellomsteget. Arrangement i skuletida.

25. **LØS gensar:** Laga skulegensarar med eigen logo. Skapa felleskapskjensla.

Aurland barne- og ungdomsskule

26. **Skinnlappen EB:** Produsera og selga nøkkelringar i skinn, basert på overskotsskinn frå lokal skofabrikk.

27. **Smooth EB:** Produsera og selga smoothie av frukt som blir til overs i butikkane, og som elles ville ha vorte kasta.

28. **AKTIV EB:** Arrangera ulike fysiske fritidsaktivitetar for yngre barn i lokalmiljøet.

Flatbygdi skule

29. **Loppehjørna café:** Bruktbutikk og kafé i lokalet til den gamle urmakarbutikken som bestefar dreiv for mange år sidan.

30. **WOLT disco:** Diskotek på Flatbygdi skule for mellomstore ungar. Gutane koplar lyd- og lysanlegg sjølve og skapar god stemning. Sal av snacks og drikke.